

SFO 2022-2023

Haugen skule og barnehage

Velkommen
til SFO



Innhold

Side

Helsing frå rektor	3
Tilsette ved SFO Haugen skule og barnehage	4
Opningstider for skuleåret 2022 – 2023	4
Tilbod i skuleferiar	4
Vigilo	5
Skuleruta 2022 - 2023	5
Rammeplan for SFO	6-12
Årsplan SFO Haugen skule og barnehage	13-14
Mat	15
Kle	16
Fråvær og sjukdom	16
Utstyr	16
Påmelding og oppseiing av plass	17
Foreldresamarbeid	17
Kontakt oss	17
9A – eit trygt og godt skulemiljø	18
Vedtekter haust 2022	19-23

Helsing frå rektor og styrar

På vegne av tilsette ved Haugen skule og barnehage, vil eg ynskje elevar og føresette velkomne til eit nytt skuleår. Vi er spente og forventningsfulle, og vi gler oss til å ta fatt på eit nytt arbeidsår.

Trivsel er viktig – for både små og store. Å gå på skule og å vere ein del av eit fellesskap er kjekt, spennande, lærerikt, og av og til litt utfordrande. For at vi skal trivast og ha det bra her på Haugen skule og barnehage, har vi alle, både elevar og tilsette, eit ansvar for å vere inkluderande, omsorgsfulle, kjekke og respektfulle overfor kvarandre - både i skuletida og på SFO.

Vidare er eit godt samarbeid med heimen viktig for å skape god trivsel, utvikling og læring. Det er du som føresett som kjenner barnet ditt best, og det er i god dialog og samhandling med deg vi på best måte kan tilpasse og legge til rette for akkurat ditt barn. **Ditt barnet sitt beste** er til ei kvar tid det viktigaste for oss.

Vi håper at alle elevar, føresette og tilsette ved Haugen skule og barnehage vil få eit godt år prega av trivsel, læring, utvikling og godt samarbeid!

Venleg helsing

Vivian Frøyne Melheim

Rektor og styrarar ved Haugen skule og barnehage

vivian.melheim@stad.kommune.no

917 38 636 / 472 71 400

Tilsette ved SFO Haugen skule og barnehage

Mali Sagsletten, Barne og ungdomsarbeidar
Ørjan Solheim, Barne og ungdomsarbeidar

Vivian Frøynes Melheim, rektor og styrar

Opningstider for skuleåret 2022 - 2023

	Morgon	Ettermiddag
Måndag	7.30-8.45	14.30-16.30
Tysdag	7.30-8.45	14.30-16.30
Onsdag	7.30-8.45	10.50-16.30
Torsdag	7.30-8.45	14.30-16.30
Fredag	7.30-8.45	14.30-16.30

Tilbod i skuleferiar

Ved behov kan skulane ha tilbod om SFO i feriar. Dette tilbodet gjeld ei veke før skulestart i august og onsdag, torsdag og fredag både i haust- og vinterferien.

SFO er open kl. 07.30 – 15.30 i feriar.

Det er egne betalingssatsar for SFO-tilbod i skuleferiar.

Påmeldingsskjema med gjeldande betalingssatsar ligg på Stad kommune si heimeside – www.stad.kommune.no

Fristen for påmelding er tre veker før kvart ferieopphald. Påmeldinga er bindande.

Vigilo

Vigilo er kommunikasjonsplattforma som vi nyttar. Her vil du finne ulik informasjon og meldingar, t.d. dette informasjonsheftet, handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø og dagsaktuell informasjon frå SFO til heimane.

www.vigilo.no

Skuleruta 2022 - 2023

AUG	Første skuledag	15. august
OKT	Haustferie	10.-14. oktober
NOV	Elevfri dag, SFO er stengt	4. november
DES	Siste skuledag før jul	20. desember
JAN	Første skuledag etter jul	3. januar
	Elevfri dag, SFO stengt	27. januar
FEB	Vinterferie	20.-24. februar
APRIL	Siste skuledag før påske	31. mars
	Første skuledag etter påske	11. april
MAI	Elevfri dag	19. mai
JUN	Siste skuledag	20. juni



Rammeplan for SFO

Utdanningsdirektoratet har utarbeida ein rammeplan for SFO som er heimla i Opplæringslova §13-7. Denne rammeplanen ligg til grunn for tilbodet som vert

gitt i SFO. Noko av føringane vert refererte til i dette heftet. For å lese heile rammeplanen, sjå <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Barndommen sin eigenverdi (henta frå rammeplan for SFO)

Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i selvvalgt lek og tilrettelagte aktiviteter, og gi rom for rekreasjon og hvile. Barnets beste skal alltid være et grunnleggende hensyn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som berører dem, og barnets synspunkter skal vektlegges i samsvar med alder og modenhet. SFO skal bidra til barnas mestring og opplevelse av egenverd.

*«...rik mulighet
for meningsfull
fritid og lek.*



Tryggleik, omsorg og trivsel

(henta frå rammeplan for SFO)

SFO skal ivareta og møte barnas behov for omsorg, trygghet, trivsel, tilhørighet og anerkjennelse. Omsorg er en forutsetning for barns trygghet og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal det enkelte barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og gis muligheter for å gi omsorg.

SFO skal fremme barnas fysiske og psykiske helse og bidra til at de opplever glede og mestring. SFO skal støtte utviklingen av trygge og gode relasjoner barna imellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og barnas foreldre. SFO skal fremme inkludering og bidra til at alle barna har mulighet til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser. Barna skal ha mulighet til både aktivitet og hvile i løpet av tiden de tilbringer i SFO.



Mangfold og inkludering

(henta frå rammeplan for SFO)

Respekt for ulikhet og anerkjennelse av mangfold skal legges til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne barnas ulike forutsetninger, perspektiver og erfaringer kan SFO bidra til at barna får utvikle et positivt forhold til seg selv og til egen og andres kultur og erfaringsbakgrunn. SFO skal legge til rette for at samiske barn kan bevare og utvikle sitt språk og sin kultur.

SFO skal innrettes slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barnas forutsetninger og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er en del av et inkluderende fellesskap.



Skaparglede, engasjement og utforskartrang (henta frå rammeplan for SFO)

Ved å ta utgangspunkt i barnas skaperglede, engasjement og utforskartrang skal SFO gi en god ramme for helhetlig utvikling og læring. Læring i SFO foregår først og fremst gjennom lek, selvvalgte aktiviteter og samhandling med andre barn og med SFOs personale. SFO skal anerkjenne at å leke er en typisk væremåte blant barn, og at leken har en egenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for lek.

SFO skal støtte barnas naturlige nysgjerrighet og lyst til å skape og være kreative, engasjerte og utforskende. Innholdet, arbeidsformene og det fysiske miljøet i SFO skal støtte opp under barnas lyst til å leke, skape, utforske og mestre.



Leik (henta frå rammeplan for SFO)

Leken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til lek hver dag. Alle barn skal få mulighet til aktiv deltakelse i leken og å oppleve mestring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for lek som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha et tydelig barneperspektiv. SFO bør legge til rette for at personalet jevnlig kan diskutere og reflektere over hva lek innebærer, og hvordan man som ansvarlig tilrettelegger opptrer i møte med lekende barn.

SFO skal legge til rette for og inspirere til et godt lekemiljø for alle barn. SFO skal legge til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i lek og tilrettelagt aktivitet.



Demokrati og fellesskap (henta frå rammeplan for SFO)

SFO skal fremme demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av et likestilt samfunn der alle har mulighet til å bli sett og hørt.

Barna skal oppmuntres til deltakelse i fellesskapet. Barna skal få støtte til å inkludere andres perspektiv, håndtere meningsbrytninger og respektere uenighet og finne felles løsninger. Gjennom å delta i fellesskap får barna øve på å tilpasse seg andre, men også sette egne grenser og uttrykke egne behov.

Barn har rett til medvirkning tilpasset deres alder og forutsetninger, inkludert i arbeidet for et trygt og godt fysisk og psykososialt miljø.



Berekraftig utvikling (henta frå rammeplan for SFO)

Berekraftig utvikling omfatter sammenhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdier, holdninger og handlinger som fremmer en bærekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg selv, hverandre og naturen.

SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta veloverveide valg.



Årsplan SFO

Haugen skule og barnehage

1. halvår	TEMA	AKTIVITETAR	Aktuelle dagar
AUGUST	<p>BLI KJENT GJENNOM LEIK OG INKLUDERING</p> <p>Rammeplan for SFO pk 3.2 og 3.4</p>	<ul style="list-style-type: none"> Bli kjent med kvarandre Ringleikar Bruke nærområdet 	
SEPTEMBER	<p>OMSORG, INKLUDERING</p> <p>Rammeplan for SFO pk 2.3 og 2.4</p>	<ul style="list-style-type: none"> Venskapsleik BlimE dansen Samarbeids-oppgåver som brettspel og liknande. 	
OKTOBER	<p>HALLO VEN OG SKAPARGLEDE</p> <p>Rammeplan for SFO pk 2.5, 3.3 og 3.5</p>	<ul style="list-style-type: none"> Mat i sesong – betasuppe Fargar i naturen Kreative aktivitetar – lage eit kostyme Gled ein ven – leik og dans 	Onsdag 26.10 har vi Disko og Hallo Ven
NOVEMBER	<p>KJENSLER, SAMTALER OG FELLESSKAP</p> <p>Rammeplan for SFO pk 2.3 og 2.6</p>	<ul style="list-style-type: none"> Bok: Undring og følelsar Film: Vaffelhjerte 	
DESEMBER	<p>JULEGLEDE, EMPATI</p> <p>Rammeplan for SFO pk 2.3, 3.2 og 3.3</p>	<ul style="list-style-type: none"> Julesongar Julegleding Nisseven Juleverkstad Pakkeleiken 	Onsdag 14.12 har vi NisseDisko

Årsplan SFO

Haugen skule og barnehage

2. halvår	TEMA	AKTIVITETAR	Aktuelle dagar
JANUAR	VINTER OG SKAPARGLEDE Rammeplan for SFO pk 2.5 og 3.4	VINTERAKTIVITETAR <ul style="list-style-type: none"> • akedag • snøengel • snøborg • Kreative prosjekt 	
FEBRUAR	SAMANE SIN NASJONALDAG, KARNEVAL og FASTELAVEN Rammeplan for SFO pk 2.4 og 3.3	<ul style="list-style-type: none"> • Vi fargar flagget til samane • Lagar pynt til karneval 	Onsdag 15.2 har vi Karneval
MARS	PÅSKE Rammeplan for SFO pk 3.3 og 3.5	<ul style="list-style-type: none"> • Påskeaktiviteter • Akedag • Vaffeldagen (25.3) 	Onsdag 22.3 lagar vi vafler
APRIL	VÅRTEIKN OG DYRELIV Rammeplan for SFO pk 2.6 og 2.7	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke nærområdet vårt • Besøke ein gard og lammetid • Finne liv i naturen etter vinteren 	
MAI	SØPPEL, 17. MAI OG SPRØ PÅ HÅRET- DAGEN Rammeplan for SFO pk 2.5, 2.7	<ul style="list-style-type: none"> • Plukke søppel • Lære oss navn på vårbloster og insekt • 17. mai pynt • Fargar håret grønt 😊 	Onsdag 24.5 har vi Sprø-på-håret-dagen
JUNI	SOMMAR, LEIK OG SKRUBBSÅR Rammeplan for SFO pk 3.2 og 3.4	<ul style="list-style-type: none"> • Ringleikar • Ballspel • Blomster • Lærer om blodet vårt 	

Mat

Om morgonen

Barnet må ha med seg frukostniste om ho/han vil ete frukost. Det vert servert vatn.

Om ettermiddagen

Barna må ha med seg niste til måltid på SFO kl 1430, gjerne i eigen matboks slik at dei ikkje et den opp i løpet av skuletida. Det vert servert vatn.

Onsdagane

Barna må ha med seg niste til måltid kl 1100. I tillegg lagar vi eit lett måltid på ettermiddagen. Kostnad for dette er kr 100; per månad. Stad kommune sender ut faktura for dette to gonger i året til dei heimane som har plass på SFO onsdag ettermiddag.

Matallergi

Dersom barnet har matallergi, er det viktig at foreldre informerer om dette på SFO.



Kle

Alle barna må ha skiftklede liggande i korga si i gangen (gjerne eit par skift). Fint om de sjekker denne jamnt og trutt. I tillegg må dei ha ytterkle og sko tilpassa sesongen, gjerne støvlar også.

Vi kjem til å vere mykje ute i allslags vêr, og vêret skiftar fort.

Ta med innesko. Hugs også å merke alle kle og sko.

Fråvær og sjukdom

Dersom barnet skal ha **fri** frå SFO, send oss ei melding på vigilo eller på SMS til telefonnummer 4169 0381. Vi sjekkar telefonen og vigilo når vi kjem på SFO, og bekreftar med melding tilbake.

Barn som er sjuke og som ikkje kan vere ute, kan ikkje delta på SFO.

Dersom eit barn vert dårleg i SFO-tida, tek vi kontakt med heimen.

Utstyr

Smartklokke er ikkje tillete på Sfo, då alle beskjedar skal gå via oss vaksne. Klokka vil ligge i sekken.

Fint om barna kan ha ein liten tursekk med drikkeflaske i til turdag onsdag.

Påmelding og oppseiing av plass

Ein søker om plass for kvart skuleår på www.vigilo.no - foreldreportalen. Informasjon på Stad kommune si heimeside : www.stad.kommune.no Søknadsfrist er 1. august, for å vere sikra plass til skulestart. Skulane kan foreta ei høyring hjå føresette på våren kring SFO-behov, for slik å kunne starte planlegging av neste skuleår. Det er likevel høve til å søkje om plass i skuleåret. Ein kan då starte på SFO 3 veker etterinnsendt søknad.

Dersom ein ynskjer å seie opp SFO-plassen, skal det skje skriftleg. Ein seier opp SFO-plass via nettstaden: www.vigilo.no Plass i skulefritidsordninga kan seiast opp frå den 1. i kvar månad med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

Foreldresamarbeid

Det vert kalla inn til foreldremøte for SFO haust og vår. Ta elles kontakt om de har saker de til ta opp eller spørsmål.

Kontakt oss

Kontakt SFO personalet på vigilo eller på telefon: 4169 0381, eller rektor og styrar på telefon 4727 1400.

9A - Eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla skulen si aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Statsforvaltaren

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Statsforvaltaren i Vestland.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no
-

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland

Informasjon til barn, unge og føresette

På www.nullmobbing.no finn du informasjon om kva rettar elevar og føresette har, og kva ein kan gjere dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.



Stad kommune

Midlertidig vedtekt hausten 2022

Skulefritidsordninga (SFO) for 1. årstrinn



Stad kommune 07.07.2022

Vedteke: Administrativt 07.07.2022 etter Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova med ikrafttredelse 01.08.2022:

Arkivsak: 22/3475

Versjon dato: 07.07.22

Skulefritidsordninga er regulert i opplæringslova § 13-7:

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for

1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.–7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

1 Eigarforhold

Stad kommune eig og driv skulefritidsordningane (SFO) ved grunnskulane i Stad. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunal eigenfinansiering og foreldrebetaling.

Rektor har opptaksmynde og er SFO sin øvste leiar.

2 Opptakskriterium

I Stad kommune har alle elevane i 1.–4. klasse og elevar med særskilde behov i 1.–7. klasse rett til plass i SFO.

3 Opptaksperiode og oppseiing av SFO- plassen

Ein søker om plass for kvart skuleår på www.vigilo.no - foreldreportalen.

Informasjon på Stad kommune si heimeside : www.stad.kommune.no

Søknadsfrist er 1. august, for å vere sikra plass til skulestart. Skulane kan foreta ei høyring hjå føresette på våren kring SFO-behov, for slik å kunne starte planlegging av neste skuleår.

Det er likevel høve til å søkje om plass i skuleåret. Ein kan då starte på SFO 3 veker etter innsendt søknad.

Dersom ein ynskjer å seie opp SFO-plassen, skal det skje skriftleg. Ein seier opp SFO-plass via nettstaden: www.vigilo.no

Plass i skulefritidsordninga kan seiast opp frå den 1. i kvar måned med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

4 Foreldrebetaling – gjeld 2.-4. trinn. Sjå Vedtekter skulefritidsordninga (SFO)

4 b Gratis skulefritidsordning for elevar på 1. årstrinn

12 timar gratis SFO for elevar på 1. årstrinn er fordelt slik på skuledagar i Stad kommune:

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
Stårheim	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 10.50 - 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30
Haugen	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 10.50 - 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30
Nordfjordeid	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 10.50 - 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30
Hjelle	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 10.50 - 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30	08.00 – 08.50 14.30 – 15.30

	måndag	tysdag	torsdag	fredag
Stadlandet	07.30 - 08.25 14.05 – 16.30	07.30 - 08.25 14.05 – 16.30	07.30 - 08.25 14.05 – 16.30	07.30 - 08.25 14.05 – 15.05
Selje	07.30 - 08.25 14.10 – 16.30	07.30 - 08.25 14.10 – 16.30	07.30 - 08.25 14.10 – 16.30	07.30 - 08.25 14.10 – 15.30
Flatraket	07.30 – 09.00 14.45 – 16.15	07.30 – 09.00 14.45 – 16.15	07.30 – 09.00 14.45 – 16.15	07.30 – 09.00 13.00 – 14.30 14.45 – 16.15
-langfredag				

Det er to ulike satsar for elevar på 1. årstrinn utifrå tidsbruk for fast opphald:

- a) Inntil 12 t/v b) Over 12 t/v

Kjøp av ekstratimar har fast timepris. Betalingssatsane vert årleg fastsette av kommunestyret. Førebels er satsen vedteken administrativt til **1 120 kr for over 12 t/v SFO for elevar på 1. årstrinn.**

Betaling for SFO-plass forfell den 20. kvar måned, gjeldande for inneverande måned. Dersom foreldrebetaling har stått til forfall i 2 månader, vert det sendt ut brev frå Stad kommune med ny betalingsfrist. Viss kravet ikkje er betalt innan denne fristen, vert føresette innkalla til møte med administrasjonen i Stad kommune. Dette for å inngå betalingsordning med kommunen eller finne ei anna løysing.

Ved for sein eller manglande betaling gjeld økonomireglement Stad kommune.

5 Leike- og opphaldsareal

SFO må ha leike- og opphaldsareal, ute og inne, eigna aldersgruppa og aktivitetane. Alle barn skal ha gode utviklingsvilkår.

6 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

I Stad kommune er SFO open kvar dag mellom kl. 07.30 – 16.30.

Den årlege ordinære opningstida følgjer skuleruta for grunnskulen.

Organisering og innhaldet i SFO vil variere litt frå skule til skule, alt etter kor mange barn som er med på ordninga. Det er ikkje lengre eit krav om minstetal påmelde for at SFO-ordninga skal opprettast, då elevane skal ha eit likeverdig tilbod i heile Stad kommune.

7 Bemanning og leing

Til vanleg skal bemanninga i SFO vere:

1 – 14 elevar:	Ein tilsett
14 – 36 elevar:	To tilsette
37 – 54 elevar:	Tre tilsette
Meir enn 54 elevar:	Fire tilsette

8 SFO-tilbod i skuleferiar

Ved behov kan skulane ha tilbod om SFO i feriar. Dette tilbodet gjeld ei veka før skulestart i august og onsdag, torsdag og fredag både i haust- og vinterferien.

SFO er open kl. 07.30 – 15.30 i feriar, **men det må vere minst tre påmelde kvar dag.***

Det er eigne betalingssatsar for SFO-tilbod i skuleferiar.

Påmeldingsskjema med gjeldande betalingssatsar ligg på Stad kommune si heimeside – www.stad.kommune.no.

Fristen for påmelding til SFO-tilbod i skuleferiar er tre veker før haustferien og vinterferien og **den 24. juni** for påmelding til veka før skulestart. Påmeldinga er bindande.

***Prøveordning for skuleåret 2022-2023**
UOO-22/024 Vedtak:

Vedtekter Skulefritidsordning (SFO) Stad kommune punkt 8 vert endra til:

8 SFO-tilbod i skuleferiar

Ved behov kan skulane ha tilbod om SFO i feriar. Dette tilbodet gjeld ei veka før skulestart i august og onsdag, torsdag og fredag både i haust- og vinterferien.

SFO er open kl. 07.30 – 15.30 i feriar, **men det må vere minst ein påmeldt kvar dag**. Dette er ei prøveordning for skuleåret 2022/23 og blir evaluert tidleg vår 2023, og denne evalueringa blir meldt tilbake til utvalet for oppvekst og opplæring.

Det er eigne betalingssatsar for SFO-tilbod i skuleferiar.

Påmeldingsskjema med gjeldande betalingssatsar ligg på Stad kommune si heimeside – www.stad.kommune.no.

Fristen for påmelding til SFO-tilbod i skuleferiar er tre veker før haustferien og vinterferien og den 24. juni for påmelding til veka før skulestart. Påmeldinga er bindande.

Endringa gjeld frå skuleåret 2022-2023.



Stad kommune

SFO Haugen skule og barnehage
Besøksadresse: Haugen, 6770 Nordfjordeid
Postadresse: Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid
Telefon: 41 69 03 81 / 47 27 14 00
E-post: vivian.melheim@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no / facebook.com/stad